# Hatlehol kyrkjelyd

Strategidokument 2022

*Hatlehol kyrkjelyd*

*der liv og himmel møtast*

HATLEHOL KYRKJE

# Utgangspunkt

- Spjelkavik sokn har drive ei forsamling i Hatlehol-området sidan 2004, først på Flisnes skule, så på Ålesund folkehøgskule.
- Ein har jobba i mange år med å få finansiert kyrkje ved Hatlehol gravplass. Denne vart i 2021 utsett til 2024.
- For å utvikle kyrkjelyden vidare, også i lys av at kyrkja vart utsett, blei det bestemt at ein skulle gjennomføre ein strategiprosess. Heile kyrkjelyden har vore invitert med, og også deltatt i enkelte samanhengar.

HATLEHOL KYRKJE

# Prosessen

- Prosessen blei vedteken av kyrkjelydsutvalet for Hatlehol i møte 8. juni 2021.
- 12 og 26. september blei kyrkjelyden invitert til å nemne opp stikkord innan følgende tema: 'Kva er Hatlehol', 'Kvifor er Hatlehol-forsamlinga til' og 'Kva er våre viktigaste verdiar'. Oppsummeringa fra desse samlingane ligg ved.
- 20. oktober og 24. november blei det gjennomført 'verdi- og visjonsverkstad', som satte fire verdiar for kyrkjelyden, etterfulgt av komitéarbeid fram til 9. desember, som resulterte i den foreslåtte visjonen: *Hatlehol kyrkjelyd - der liv og himmel møtast.*
- 12. desember blei verdiar og visjon presentert for kyrkjelyden.
- 12. februar (etter ei korona-utsetting), gjennomførte vi 'Strategidag på Hatlehol'.
- 3. mars blei strategidokumentet drøfta, justert og vedtatt i kyrkjelydsutvalet for oversending til soknerådet.

HATLEHOL KYRKJE

# Våre verdiar

- Resultat av verdi- og visjonsverkstad 20. oktober og 24. november.
- Verdiarbeidet blei prega av den kulturen som er opparbeidd på Hatlehol, men også ønske om å fortsatt vere ein stad der heile mennesket har rom.
- Verdiarbeidet leidde fram til visjonsarbeidet, som ikkje blei avslutta 24. november, men der det blei satt ned ein komité som arbeidde pr. mail og så i avsluttande videomøte 9. desember.
- På desse verkstada blei det også bestemt å bruke 'kyrkjelyd' framfor 'forsamling'. Denne strategien har som mål å utvikle eit kyrkjelydsarbeid i denne delen av soknet (Blindheim, Hatlehol/Flisnes og Emblem). Samtidig er vi ein fullverdig del av Spjelkavik sokn, inntil ei eventuell deling.
- Alle dei fysiske samlingane var på Ålesund folkehøgskule.

HATLEHOL KYRKJE

# Verdi 1: Livsnær

- Grunnfestet i Guds kjærleik
- Rom for alt vi er
- Omsorg
  - Diakonal i nærområdet
  - Brødre- og søstre-funksjon
  - Man blir sett – så langt man vil. Bakarste benk for den som vil det.
  - Livsfase – forskjellige ting er viktige etter kvart som livet skrider frem.

HATLEHOL KYRKJE

# Verdi 2: Inkluderande

- Lav terskel
- Medeigarskap
  - Frivillighetskultur
  - Deltaking
  - Tilhørighet
  - Breidde – 3 generasjonar i sving
- Raushet
- Respekt

HATLEHOL KYRKJE

# Verdi 3: Dynamisk

- Utprøvande
- Utviklande
- Tidsaktuell
- I bevegelse

HATLEHOL KYRKJE

# Verdi 4: Mangfoldighet

- Musikalsk stil
- Folkelighet
- Kvardagstilbod til alle, i alle aldre

# Visjonen

- Visjonen skal ta opp i seg dei verdiane som er satt.
- Samtidig skal visjonen fungere som ei 'ledestjerne', som skal sette retning for arbeidet, og som tiltak skal prøvast mot.
- Den visjonen som blei beslutta foreslått er:

*Hatlehol kyrkjelyd*

*der liv og himmel møtast*

HATLEHOL KYRKJE

# Strategiutviklinga

- 12. februar var der strategidag på Hatlehol.
- Vi utvikla mål for kyrkjelyden, og satte opp ein strategisk handlingsplan.
- Utgangspunktet for arbeidet var alt som var gjort til då, med tillegg av ei enkel SWOT-analyse.

HATLEHOL KYRKJE

# Styrker / Svakheter

- + 93 frivillige på lista. Sterk grad av frivillig deltaking i planlegging og gj.føring av gudst.
- + Godt innarbeida gudstjenesteform med eigen karakter.
- + Gudstenestegrupper og band som deltar aktivt i førebuingar til gudstenester. Skaper tilhørighet.
- + Konf. arbeid igangsatt.
- + Gudstjenestelokale som fungerer inntil vidare

- - Gudstenestegrupper under press. Vanskelig å rekruttere nye
- - Konf. arbeidet dårlig fulgt opp
- - Ikkje lokale til daglig arbeid
- - Dedikerte ansatte til dagleg arbeid som tilsvarer kyrkjelydsstørrelse (unntak: kyrkjetenar til gudstenester, prest (?), kateket i trusopplæring har noke ansvar i sin arbeidsbeskrivelse).
- - Uklar økonomisk situasjon mtp kyrkje og løpande drift.

HATLEHOL KYRKJE

# Muligheter / Trusler

- + Ikkje noke arbeid på dagleg basis i dag. Det kan kun bli mer.
- + Annerleis gudstenesteform
- + Dåp – presentasjon, nyinnflytta
- + Trusopplæring
- + Fellesskapsgrupper
- + Definere vår plass innan eit aktivt kyrkjelydsmiljø i vårt geografiske område.

- - Pandemi, svekka gudstenesteliv. Barna/ungdomane begynner å gli unna. Lite påfyll og kontinuitet.
- - Trøtthet ift. kyrkje / ikkje kyrkje
- - Tap av sentrale frivillige

HATLEHOL KYRKJE

# Mål – korleis vi arbeidde

- Lage konkrete mål for kyrkjelyden
- Meir konkrete enn verdiar og visjon
- Kvar skal vi være om 3 år?
- Kva skal vi tilby om 3 år?
- Utover det vi gjer i dag
- Eksemplar:
  - Løpande tilbod til «godt vaksne»
  - Løpande trusopplæringsarbeid
  - Løpande arbeid for barn, unge.
  - Lokale: Kjøpt? Leigd? I det heile tatt?

HATLEHOL KYRKJE

# Mål – neste 3 år, 1

| Stabil søndagsskule | Trusopplæring alle aldersgrupper, trappast opp over perioden. Dåpsfest 5-åringer | Konfirmanttilbod m. 20 stk. | Hall- & middagstilbod revitalisert | 10 nye barnefamiliar |
|---|---|---|---|---|
| - Stabilitet for barnefamiliar<br>- Dåpsforeldre | - Auke oppslutning totalt sett (Spjelkavik og Hatlehol)<br>- Bygge kyrkjelyd | - Redusere framandgjøring<br>- Bygge kyrkjelyd | - Bygge opp under gudsteneste-tilbodet | - Auka oppslutning.<br>- Generasjons-skifte |

HATLEHOL KYRKJE

# Mål – neste 3 år, 2

| Tilbod innen ikkje-idrett | Møte-punkt på dagtid. | Strikke-kafé | Diakoni: tilbod om arrangement, ny diakon opererar i begge kyrkjelydar, også mtp. Arrangement | Husfellesskap m. tema Økumenisk fellesskapsmøte | Tydeliggjøring av struktur i kyrkjelyden |
|---|---|---|---|---|---|
| F.eks. gaming: tilbod til unge som ikkje driver med idrett. | Nå vaksne, som ønsker tilbod på dagtid | Nå vaksne, som ønsker tilbod på etter-middags-tid. | Oppegående tilbod til vaksne også på Blindheim, Hatlehol/Flisnes og Emblem | Oppegående tilbod til alle, utenom gudstenester. | Gi oversikt over styringsstruktur og ulike grupper:<br>- Kyrkjelydsutval<br>- Fellesskapsgrup-per osv.<br><br>Gi oversikt over mulig tilbod for nye frivillige. |

# Mål – neste 3 år, 3

| Midlertidig lokale: | Kyrkje: | | | |
|---|---|---|---|---|
| Enkelt, midlertidig lokale til bruk på kvardager til ulike aktivitetar. | - Finansiert kyrkje. | | | |

HATLEHOL KYRKJE

# Strategiske tiltak

- Som må til for å nå måla vi set oss
- Fører frem til oppnådd mål
- Måla blei omstrukturert og innpassa som tiltak i følgande strategiske område:
  - Hus: kyrkje, samt midlertidige, enkle, lokaler
  - Voksenarbeid
  - Eit levande gudstenesteliv
  - Barne-, ungdoms- og familiearbeid
  - Trusopplæring
  - Ressursar og struktur

HATLEHOL KYRKJE

# Barne-, ungdoms- og familiearbeid

| Tiltakets navn | Innhold (hva må skje) | Ressurser vi trenger | Ansvarlig | Tidsramme | Mål |
|---|---|---|---|---|---|
| **VI FEIRER DÅPEN – Alle døpte 5-åringer inviteres til fest!** | Invitasjon, planlegge | Trusopplærer<br>Frivillige | Prest/stab | V23 | Oppegåande barne-, ungdoms- og familiearbeid |
| **Karnevalsgt.** | Planlegge | | GT-grp | V23 | |
| **Familiekveld** | Gaming/brettspill/prat/ strikking | Lokale (evt. privat hus) | K.l. utvalg | 13. Mars + evt. én til V22, så H22 | |
| **Barnegospel** | Trinnvis utv. (3 år =>) | Betalt ansvarlig.<br>Frivillige | K.l. utvalg | H23 | |

HATLEHOL KYRKJE

# Voksenarbeid

| Tiltakets navn | Innhold (hva må skje) | Ressurser vi trenger | Ansvarlig | Tidsramme | Mål |
|---|---|---|---|---|---|
| **Husfellesskap** | Temakveld? | Frivillige + hus | K.l. utval | H23 | |
| **Kristen meditasjon** | | Kompetent leiar, lokale, frivillig ko-ordinator | K.l. utval | H22 | |
| **Fellesskapsgrp** | Gjennomgang/revit. Oppdatere. Dele? | | Presten | V22 | Ulike tiltak som treffer vaksne i forskjellige livsfaser. |
| **Voksendag** | Dagtilbod (strikkedag, turdag m. kafébesøk?) | 1 frivillig | K.l. utval | V22 | |
| **Strikkekafé** | | 1 frivillig | K.l. utval | H22 | |
| **Basar** | Forhåndssalg+basar | Basarkomité | Robert+BH | H22 | |

HATLEHOL KYRKJE

# Eit levande gudstenesteliv

| Tiltakets navn | Innhold (hva må skje) | Ressurser vi trenger | Ansvarlig | Tidsramme | Mål |
|---|---|---|---|---|---|
| **Søndagsskule/ bibelgjeng** | Komme i gang igjen. | Søndagsskule-gjengen | Ress. grp. | Nå / H22 | |
| **Gudstj. grp.** | Rekruttere | | Presten | V22 | |
| **Middag** | Restartes | | Anne Birte | Nå | |
| **Rutiner** | Lage rutiner for gudst. | Bygge på kyrkje-tjenerrutinen | Presten | V22 | Et levende gudsteneste-liv |
| **Medarbeiderfest** | Oppfølging av frivillige | Staben! | Presten | H22 | |
| **Rekruttering lydfolk** | Kurs og betaling for tjenesten. | Avtale om betaling.<br>Kurs. | K.l. utval<br>Presten, H. Blindheim, KE Hanken | H22<br>V22 | |
| **Ungdomsgudstj.** | Kveldsgt. med og for ungdom | Ungdommer… | Prest/Sølvi | H23 | |
| **Friluftsgudstj.** | Revidere musikkform/band? | Musikere | Prest/A. Moen | V22 | |

HATLEHOL KYRKJE

# Trusopplæring

| Tiltakets navn | Innhold (hva må skje) | Ressurser vi trenger | Ansvarlig | Tids-ramme | Mål |
|---|---|---|---|---|---|
| **Trosopplærings-tiltak** | Samlinger iht. trusopplæringsplan | Lokale | K.l. utvalg-> Kateket-> Sølvi | Når hus | |
| | Gudstenestedeltakelse | | GT-grupper/ Sølvi | H22 | Bygge kyrkjelyd gjennom komplett trusopp-læringstilbod |
| **Konfirmant-gruppe/-r** | «Trad.» konf. opplegg. Presentasjon under foreldrefest / «Heime på HHol» | Lokale. Leie ett år? | K.l. utvalget -> sokneråd | H22 | |

HATLEHOL KYRKJE

# Hus – kyrkje og midlertidig lokale

| Tiltakets navn | Innhold (hva må skje) | Ressurser vi trenger | Ansvarlig | Tidsramme | Mål |
|---|---|---|---|---|---|
| **Kyrkje** | - Fortsette arbeidet med å finansiere kyrkja. | P/Øk-komité, evt. komm. komité | P/Øk-komité | H 23 | Finansiert kyrkje. |
| **Midlertidig, enkelt lokale for arr. på kvardagar** | - Sonderingar<br>- Avtale | Penger til leie | P/Øk-komité | V 23 | Lokale |

HATLEHOL KYRKJE

# Ressursar og struktur

| Tiltakets navn | Innhold (hva må skje) | Ressurser vi trenger | Ansvarlig | Tidsramme | Mål |
|---|---|---|---|---|---|
| **Strukturering av arbeidet** | Lage oversikt over arbeidet på Hhol (grupper, utvalg osv). | | Presten | V22 | |
| **Fordeling av stabsressurser** | Avtale om annan fordeling av stabsressurser i tråd med strategi, særleg innen B/U-arbeid og trusopplæring | | Presten -> Sokneråd | H22 | Struktur rigget for daglig drift av kyrkjelyd |
| **Ressursgruppe B/U-arbeid** | Opprette gruppe som koordinerer B/U-arbeidet | Frivillige fra arbeidet | K.l. utvalget -> Sølvi | V22 | |
| **Facebookgruppe** | Lukket grp. for frivillige, for deling av info. | | Presten | V22 | |

HATLEHOL KYRKJE

# Vedlegg

HATLEHOL KYRKJE

# Resultat frå kyrkjelydsdiskusjonane 12 og 26. september.

HATLEHOL KYRKJE

# Kva er Hatlehol

- For hele familien
- Kirke for alle
- Dugnadsfelleskap
- Stort rom for å møte Gud på ulike måtar
- Åpent for andre kulturer
- Tilbud om felleskap utenfor søndagene i små grupper
- «liten avstand» mellom sal og scene
- Gudstjenesten bygges fra menighetene og opp
- Tydelig til stede for alle nyinnflyttede
- Fullverdig kirke
- Ta vare på felleskapet med mormenigheten
- Ta vare på de musikalske særpreget
- Fri og grunnfesta
- Livsnær og aktuell
- Søndagskole
- Raushet for forskjellige meiningar og om forskjellige uttrykk
- Medvirkning i planlegging
- Det er et fellesskap som bygges fram mot det nye kirkehuset,-
- fellesskap her og nå om det tar tid å bygge kirke.
- Kjekt med band og engelske sanger sammen med den trauste salmeskatten.
- Mangfold, forskjellige stiler musikalsk – gjerne også gospel.
- Forsamlinga er et alternativ til Spjelkavik kirke i form og innhold.
- Noen opplever det litt klikkete – dvs. at folk snakker med de de kjenner, hva med nye som flytter til
- Holde på at vi er evangeliserende
- Aktiv i lokalmiljøet
- En god plass å søke tilflukt når livet blir vanskelig, for alle i bydelen
- Åpne armer og velkomst for nykommere
- Være god på å ta imot nye
- Oppmuntre andre til å bruke nådegavene våre
- Musikkstilen med band og variert salmesong er viktig.
- Ein inkluderande, litt uformell stil er også fint.
- Ekstra kjekt når ein klarer å involvere barn og unge. Rik på kulturuttrykk
- Jobbe blant innvandrere
- Være utprøvende

HATLEHOL KYRKJE

# Kvifor er Hatlehol-forsamlinga til?

- Fellesskap
- Fordi vi skal bygge kyrkje
- Fordi vi har bygd et fellesskap som skal flytte inn i ny kyrkje
- Kyrkje i nærmiljøet
- Mulighet for arbeid for barn og unge i bydelen
- Ny kyrkje for å få økt kapasitet for barn og ungdomsarbeid
- Gudstjeneste fellesskap for indre bydel
- Forkynnelse og oppbyggelse
- Et sted å være, virke og vokse
- Utrustning og utsending
- Åndelig hjem
- Å bli trygg som kristen
- Glimt av himmel på jord

HATLEHOL KYRKJE

# Kva er våre viktigaste verdiar?

- Inkludering – se og bli sett
- Storfamilie
- Bygge Guds rike
- Raushet
- Trivsel
- Respekt
- Muligheter
- Åpenhet
- Rom for alt vi er
- Tilhørighet
- Frimodighet
- Frivillighet
- Glede
- Nærhet til Gud og menneske
- Vise omsorg for hverandre
- Mangfold, musikalsk og i gudstenesteuttrykk.
- Inkluderende – ved «annleis» gudsteneste og ved at mange har oppgåver.
- Fellesskap – ved at det er nærhet i rommet mellom de som leder og forsamlingen
- stående kirkekaffi, lettere å snakke med flere.
- Godt særpreg med band som leder det musikalske.
- Dugnadsånden i gudstenestene
- Folkelig preg på gudstenestene.
- Egen liturgi (?) skaper nærhet og samhold.

HATLEHOL KYRKJE

# Presentasjonen som blei brukt overfor politikarar ifbm. budsjettarbeidet 2021

Leggast ved til informasjon og referanse.

HATLEHOL KYRKJE

# Hatlehol kyrkje



HATLEHOL KYRKJE

**Kyrkja som ikkje berre skal vere ei kyrkje – men vere eit hus som samlar områda Hatlehol/Flisnes, Blindheim og Emblem, vere ein del av livet til menneske i alle fasar av livet, på tvers av kultur og bakgrunn.**

**Eit hus for bydelen, rigga for konsertar, møter, ungdomsaktivitetar, undervisning og dei viktige hendingane i livet.**

**Ei funksjonell og samlande kyrkje med eit moderne og unikt uttrykk.**

HATLEHOL KYRKJE

# MANGE år med målretta arbeid!

1966 -



HATLEHOL KYRKJE

# Det har vore arbeidd med kyrkje på Hatlehol i 55 år



**1966**

Tankar om kyrkje
i indre bydel.

Oppstart forenings-
arbeid.



**1974**

Prioritert framfor
andre prosjekt.



**2004**

Gudstenestetilbod på
Flisnes skule.



**2006**

Rike diskusjonar
om Hatlehol kyrkje
i stab.



**2009**

Prosjektet "Fra vann
til lys" gjekk sigrande ut
av arkitektkonkurransen.

# Fleire **millionar kroner og mangfaldige timar** er brukt til forprosjekt og planlegging!







**2010**

Millionstøtte frå Ålesund kommune.

**2011**

Arkitektane presenterer konseptforslag.

Gudstenestane blir flytta frå Flisnes skule til Borg folkehøgskule

**2012**

Fullstendig prosjekt-forslag presentert.

**2013**

Dugnadsarbeid på tomta.

Faste gudstenester og aktivitetar i indre bydel.

**2014**

Prosjektet var vedtatt i kommunestyret for realisering og det var klart for å sette spada i jorda.

Hausten 2014 blir Ålesundkommune innmeldt i **ROBEK.**

## Håpet om at politikarane våre på nytt set Hatlehol kyrkje på dagsorden er sterkt!

## Bydelen har venta lenge og veksten i området har forsterka behovet!

**2015**

**Prosjektet tatt ut av kommunen sin økonomiplan.**

***November 2015:***
**Finansieringa held likevel fram.**

**2017**

**Plan og finans-komité re-etablert.**

**2018**

*«I forbindelse med budsjettbehandlingen for 2019-2022, avsatte bystyre kr 5 mill til byggestart mot årsskifte 22/23. Fellesrådet håper at bystyret i den nye kommunen kan følge opp bevilgningen ved å avsette midler slik at byggingen kan igangsettes i 2023 og fullføres i 2024.»*

*(Årsmelding frå Ålesund kyrkjelege fellesråd)*

**2021**

# Viktig å sluttføre store ting som er dratt i gang!





**Kostnaden for kyrkja er berekna å bli 173 mill. kr. Av dette skal kyrkjelyden dekke inn 30 mill. kr som eigenkapital. I tillegg er der allereie brukt 12 mill. kr til forprosjektet.**

# Spjelkavik kyrkje sin kapasitet er sprengd!

Det er ikkje ledig tid for aktivitetar for barn, unge, vaksne og eldre til fornuftige tidspunkt.







HATLEHOL KYRKJE

# Spjelkavik er størst i landet og kyrkjelyden veks!

**Blindheim, Hatlehol/Flisnes og Emblem** er områda i tidlegare Ålesund som veks mest. Det er stor aktivitet med nybygging, ny skule og ny idrettshall, som vil gi enda større tilflytting til området

### Folketalsvekst, heile soknet




### Medlemstal, kyrkjelydane




### Etter ei deling av sognet vil tala sjå anslagsvis slik ut:



## Gudstenestetilbodet på Hatlehol er svært populært...

*...sjølv om det i dag held til i provisoriske, leigde lokaler. Mykje av grunnen er at det er drive av frivillige, og har ein meir folkeleg stil enn i Spjelkavik.*



**Ei ny kyrkje vil gi mogelegheit for å dyrke fram eit gudstenestetilbod som er annleis enn det i Spjelkavik.**

## Hatlehol gravplass er den mest brukte i kommunen!

## I dag må alle køyre dit i bil, frå ei anna kyrkje.



**Ei kyrkje nær gravplassen, der ein kan ha seremoni og minnestund, er sårt tiltrengd.**

# Kyrkja er så mykje meir enn gudsteneste og gravferd!

Oppslutninga rundt aktivitetstilbodet i, og bruk av Spjelkavik kyrkje - gjennom heile veka - måler seg med fritidsaktivitetar i idrettshallane i Spjelkavik og Blindheim.

(Kjelde: Ålesund komm. Servicekontor)

Det er viktig å kunne tilby born og ungdom aktivitetar **BÅDE** i idrettshallar og kyrkjehus. Dette gir breidde i aktivitetstilbodet, og grunnlag for eit godt oppvekstmiljø.




**Snitt besøkende per uke i Spjelkavik kyrkje**

Fritidsaktivitetar i Spjelkavik og Blindheim sine idrettshallar har i snitt 400 stk besøkande per veke.

# Aktivitetar for born og unge der dei bur!

Born og unge reiser vanlegvis svært kort for å delta på aktivitetar.
Hatlehol kyrkje vil gi kortreist tilgang til **breiddeaktivitetar.**

- Kor og musikk
- Speidar
- Ungdomsklubb
- Spill-kveldar
- Aktivitetsrom
- Undervisning
- Trusopplæring
- Temakvelder
- Søndagsskule
- Konsertar
- Teater
- Kunst

...moglegheitene er mange!



**Barne- og ungdomsarbeidet i Spjelkavik samlar mest deltakarar frå nærområda. Svært få frå Blindheim, Hatlehol/Flisnes og Emblem reiser dit for å delta på aktivitetar.**

**Fleire vil kunne delta, og indre bydel vil få ein naturleg samlingsstad.**

HATLEHOL KYRKJE

# Bygge fellesskap også for vaksne og eldre!

## Talet på vaksne og eldre er aukande, og desse treng ein naturleg møteplass. Hatlehol kyrkje skal vere ein plass der alle kan vere med.

- Debattkveldar
- Utstillingar
- Konsertar
- Arkitektur, kunst og kultur
- Inkludering og frivillig arbeid.
- Eit kristent fellesskap
- Barne- og ungdomsarbeid
- Eldretreff
- Arrangement for nye innbyggarar
- Kyrkjekaffi og familiemiddagar
- Folkemøter
- Andre aktivitetar for samfunnet

...moglegheitene er mange!





**Eit felles forankringspunkt for områda i indre bydel.**

HATLEHOL KYRKJE

## Hatlehol kyrkje har hatt og vil få merksemd for sin arkitektur. Dette vil òg trekke merksemd til Ålesund.







Ein vakker og varm møtestad



Arkitektstudenter er allereie inspirert av Hatlehol kyrkje.





Den planlagde kyrkja har vunne innteresse også frå utanlandske medier.

9 INDUSTRI, INNOVASJON OG INFRASTRUKTUR

# Medvit om berekraftsmål!

Det planlagde kyrkjebygget i Hatleholen har allereie fått internasjonal stor merksemd i arkitektkrinsar internasjonalt – ikkje minst på grunn av at kyrkja skal byggast etter det miljøvennlege «**vugge-til-vugge**»**-prinsippet.**

Det betyr at alt som blir produsert i alle livsfasane til produktet, skal late etter seg minst mogleg forureining, utslepp og avfall.

HATLEHOL KYRKJE

# Behovet er stort - og aukande.
# Hatlehol kyrkje blir samlingsstad for indre bydel.

## Kyrkjelyden er klar til å bidra!

**Mykje arbeid er allereie gjort – det er kort veg frå vedtak til oppstart!**

Hatlehol kyrkje vil styrke kyrkjelydslivet og gi positive ringverknader for heile lokalsamfunnet!

Andre stader som har fått ny kyrkje, har opplevd ei langt betre utvikling i kyrkjelydsarbeidet, enn kyrkjenorge elles, også sammenlikna med sokna rundt.

*KAs (arbeidsgjevarorganisasjon for kyrkjelege verksemder) si kartlegging frå 2019, viser at nye kyrkjer styrkjer kyrkjelydslivet og gir positive ring-virkningar for heile lokalsamfunnet.*

*Å bygge ny kyrkje er ei god investering, både for soknet og for kommunen. Historiene om auka aktivitet og større opning mot resten av lokalsamfunnet som følge av nytt kyrkjebygg, er mange.*

HATLEHOL KYRKJE

# Vi ber om:

1. Kommunestyret hausten 2021 vedtek budsjett og økonomiplan for 2022 - 24, der Hatlehol kyrkje ligg inne med kapitalkostnader til byggestart i 2022.

2. Prioritering slik at finansiering i 2023 og 2024 kjem på plass.









# Oppsummert:

1. Indre bydel er i sterk vekst - og treng denne samlingsstaden

2. Kapasitetsutfordringane i Spjelkavik vil auke - Hatlehol kyrkje er svaret

3. Prosjektet Hatlehol kyrkje må fullførast